



[Mottakernavn]
[Adresse]
[Postnr] [Poststed]
[Kontakt]

Saksbehandlar, innvalstelefon

Kaja Baukhol Olsen, 5557 2238

Høring av søknad om løyve etter forureiningslova til mudring, dumping og utfylling i samband med bygging av Stad skipstunnel. Høyringsfristen er 19. august 2022

Statsforvaltaren i Vestland har mottatt to søknadar frå Kystverket om løyve etter forureiningslova i samband med bygging av Stad skipstunnel: ein mudre-, dumpe- og utfyllingssøknad og ein søknad om utslepp frå mellombels anleggsverksemd. Søknadane blir send på høring i to separate høyringsbrev. Vi ber om at fråsegn til søknadane blir send oss separat og merka med det respektive saksnummeret dersom de har fråsegn til begge søknadane. Dette høyringsbrevet gjeld søknad om løyve etter forureiningslova til mudring, dumping og utfylling med saksnummer 2021/5132. Høyringsfristen er 19. august 2022.

Statsforvaltaren i Vestland sender søknad om løyve etter forureiningslova til tiltak i sjø til offentlege organ og styresmakter som varetar ålmenne interesser, verksemdar som kan bli påverka av vedtaket, miljøvernorganisasjonar og andre som vedtaket kan ha særlege følgjer for. Søknaden blir lagt ut på nettsida vår og skal i tillegg kunngjerast i fleire aviser.

Vedlegg til søknaden kan lastast ned frå Statsforvaltaren i Vestland si nettside under høyringar, <https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/hoyringar/>.

På Stad skipstunnel si prosjektnettside ligg diverse utgreiingar, rapportar, bakgrunnsinformasjon og illustrasjonar, <https://www.kystverket.no/sjovegen/stad-skipstunnel/bakgrunn-utredninger-og-bilder/>.

Vi presiserer at det er kommunen som bestemmer arealbruken i medhald av plan- og bygningslova. Fråsegn knytt til arealdisponeringane kommunen har vedtatt vil difor ikkje inngå i vår vurdering av søknad om løyve etter forureiningslova. Reguleringsplanen vart vedtatt av Selje (nå Stad) kommune 9. mai 2017. Vedtatt reguleringsplan med plankart og føresegner er tilgjengeleg i Stad kommune sin plandatabase, https://webhotel3.gisline.no/Webplan_4649/gl_planarkiv.aspx?planid=1441201702.



Løyve etter forureiningslova set vilkår for gjennomføringa av tiltaket


Løyve etter forureiningslova til tiltak i sjø vil mellom anna regulere korleis arbeidet med tiltaka i sjø skal utførast, kva avbøtande tiltak som skal nyttast og korleis overvaking skal utførast slik at fare for forureining og negativ påverknad på omkringliggjande interesser blir redusert til ein akseptabel risiko.

Utslepp frå mellombels anleggsverksemd i samband med bygginga av Stad skipstunnel vil bli regulert i eige løyve, og er ikkje ein del av denne søknaden.

Om søknaden

Kystverket søker om løyve til tiltak i sjø etter forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 22-6, samt unntak frå forureiningslova § 32 til disponering av overskotsmassar i sjø frå skip i samband med bygging av Stad skipstunnel.

For å betre tryggleiken og evna til å ta seg fram for sjøtransport forbi Stad skal Kystverket byggje ein skipstunnel gjennom Stadlandet. Stad skipstunnel vil bli ein 1,7 km lang tunnel mellom Moldefjorden og Kjøddepollen i Stad kommune. Det er planlagt at arbeidet skal utførast som ein totalentreprise. Planlagt anleggsoppstart er i 2023/2024, og byggjetida er estimert til om lag 4 – 5 år.




Figur 1. Dagens hovudlei og alternativ lei ved stor sjø forbi Stadlandet, samt ny hovudlei gjennom Stad skipstunnel. Figuren er henta frå søknaden. Stad skipstunnel skal gå mellom Moldefjorden og Kjøddepollen i Stad kommune.



I samband med bygginga av Stad skipstunnel søkjer Kystverket om løyve etter forureiningslova til å gjennomføre følgjande tiltak i sjø:

- Utdjuping av farleia i Saltasundet til kote -14,3 meter
- Utdjuping av farleiene i entringsområda i Moldefjorden og Kjødepollen til kote -13,25 meter
- Mellombels og permanent utfylling i sjø i entringsområda i Moldefjorden og Kjødepollen
- Deponering av totalt 8 500 000 m³ i sjødeponi i Moldefjorden



Figur 2. Oversiktskart som viser 1. utdjupingsområdet i Saltasundet, 4. sjødeponiet i ytre Moldefjord, og utfyllingsområda og entringsområda i 3. indre del av Moldefjorden og 2. Kjødepollen. Figuren er henta frå søknaden.

Om tiltaka

I vedtatt reguleringsplan er det regulert eit sjødeponi i Moldefjorden med kapasitet på 8 500 000 m³. For å sikre effektiv drift og logistikk i arbeidet med Stad skipstunnel søkjer Kystverket om løyve til å deponere alle overskotsmassane i sjødeponi i Moldefjorden, inntil totalt 8 500 000 m³. Det er likevel forventa at faktisk mengde overskotsmassar som vil gå til sjødeponi i Moldefjorden vil vere mindre enn dette ettersom Kystverket samarbeider med omkringliggjande kommunar og private aktørar for å finne samfunnsnyttig bruk av overskotsmassane frå Stad skipstunnel i andre prosjekt i området.

Metodikk og rekkefølge på anleggsarbeidet er per dags dato ikkje kjent då det vil inngå som ein del av totalentreprisen. Eit estimat over mengder og areal er gitt i tabell 1. Frå søknaden går det fram at tala er estimert på bakgrunn av forprosjekt, reguleringsplanen og modellgrunnlag. Det er forventa at det kan førekome endringar som følgje av detaljprosjektering av mellom anna utdjupinga av farleiene i entringsområda, eventuelle motfyllingar i sjø, tunnelsikring og eventuelt behov for anleggstunnel m.m. Det er difor lagt til 10 % usikkerheit i mengda det blir søkt om løyve til å deponere i sjø. Dette er nærare forklart i kapittel 6.2 i søknaden.



Det blir søkt om å nytte delar av tunnelmassane til utfylling i entringsområda til etablering av infrastruktur og riggareal.

Reguleringsplanen legg til grunn ein-sidig driving av tunnelen frå Moldefjordsida. Kystverket ønskjer å drive med parallell drift frå begge sider av tunnelen. Ein føresetnad for dette er avklaringar med eksterne mottaksstadar som kan ta imot overskotsmassar frå Kjøde.

Tabell 1. Estimerte mengder fordelt på aktivitet og område. Eventuelle motfyllingar og utdjuving av farleiene i entringsområda er ikkje inkludert. Estimata inkluderer 10 % margin ($\text{pfm}^3 = \text{prosjekterte faste m}^3$, $\text{pam}^3 = \text{prosjekterte anbrakte m}^3 = \text{pfm}^3 \cdot \text{utvidingsfaktor } 1,8$). Tabellen er henta frå søknaden.

Aktivitet	Areal	Volum
Driving av tunnel	62 000 m ²	3 800 000 pfm ³
Utdjuving av Saltasundet		
Forurensede sedimenter i TK III*	2500 m ²	5000 pfm ³
Rene løsmasser	17 500 m ²	45 000 pfm ³
Sjødeponi i Moldefjorden, inkludert utvidelsesfaktor 1,8 og 10 % usikkerhet		7 623 000 pam³
Kapasitet i sjødeponi i Moldefjorden	586 000 m ²	8 500 000 m ³
<hr/>		
Permanent utfylling i sjø ved entringsområdet i Moldefjorden	Ca. 63 000 m ²	Ca. 580 000 pam ³
Permanent utfylling i sjø ved entringsområdet i Kjødepollen	Ca. 56 000 m ²	Ca. 480 000 pam ³
Gjenbruk av masser utenfor prosjektet	Mengder uavklart på dette tidspunktet, se avsnitt 6.3.	

Utdjuving i Saltasundet

For å auke djupna i farleia i Saltasundet til -14,3 meter blir det søkt om løyve til mudring, inkludert undervasssprenging, av om lag totalt 55 000 pfm³. Av desse utgjør anslagsvis 5 000 pfm³ sediment i tilstandsklasse 3. Det er planlagt at både reine og moderat forureina massar frå Saltasundet skal deponerast i sjødeponi i Moldefjorden dersom dei ikkje kan nyttast i dei mellombelse eller permanente utfyllingane i entringsområda.

Utdjuving og utfylling i entringsområda i Moldefjorden og Kjødepollen

I anleggsperioden skal det etablerast mellombelse riggområde i sjøområda utanfor dei to entringsområda. Her vil mellom anna vaskehallar, reinseanlegg, brakker og maskinoppstillingsplass vere lokalisert i anleggsperioden. Riggområda blir etablert som permanente fyllingar. Ved ferdigstilling av tiltaket vil massar i innseglinga til tunnelen bli fjerna og områda skal ferdigstillast i samsvar med regulerte formål.

Farleia inn i tunnelen på begge sider skal utdjupast til kote - 13,25 meter. Det er totalt 3 meter lausmassar over morene i entringsområda. Sedimentprøver viser at massane svarer til tilstandsklasse 2. Det kan òg bli aktuelt å fjerne massar ved sprenging i samband med utdjuving av farleia i entringsområda.

Sjødeponi i Moldefjorden

Kystverket samarbeider med kommunar og private aktørar for å finne prosjekt med samfunnsnyttig bruk av overskotsmassane frå Stad skipstunnel. Det er difor forventa at mengda av overskotsmassar



som går til sjødeponi vil vere mindre enn det som er gitt i tabell 1, men for å sikre effektiv drift og logistikk blir det søkt om løyve til å deponere alle overskotsmassane i sjødeponi i Moldefjorden, totalt inntil 8 500 000 m³.

Metode for omlasting, transport og deponering vil bli avklart i samråd med entreprenør under anskaffingsprosessen. Sjå kapittel 7.1.3 i søknaden for meir informasjon om miljøtilstanden i sedimenta i Moldefjorden.

Påverknad på naturmiljøet

Oversikt over naturmangfald og fiskeriinteresser i Moldefjorden og Kjødepollen er gitt i kapittel 7 i søknaden.

Potensiell påverknad på naturmiljøet frå ulike forureiningskjelder som kan oppstå under anleggsarbeidet er beskrive i kapittel 9 i søknaden. Dette gjeld mellom anna undervassstøy, partikkelspreiing og tilslamming, miljøgifter, nitrogensambindingar og plastforureining.

Førebyggjande og avbøtande tiltak

Forslag til førebyggjande og avbøtande tiltak for å verne om det ytre miljøet og redusere risiko for forureining er beskrive i kapittel 10 i søknaden. Det kan førekome endringar basert på entreprenøren si reviderte miljørisikovurdering, driftsmetodar og framdriftsplanar. Endeleg plan for avbøtande tiltak skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland før anleggsstart. Kontroll- og overvåkingsprogram er omtalt i kapittel 11. Delar av forslaga til førebyggjande og avbøtande tiltak er kort forklart under.

Det kan vere aktuelt å planleggje sprengingsaktiviteten i Saltasundet slik at det skjer i periodar av året kor nærliggjande oppdrettsanlegg ligg brakke, utanom gyteperiodar eller ved at sprengingsarbeidet blir tilpassa for å minimere spreieing av trykkbølger ved for eksempel sekvensiell sprenging, mindre ladningar, god overdekning av borehol og bruk av boblegardin.

For å redusere partikkelspreiinga kan aktuelle avbøtande tiltak vere bruk av siltgardin, boblegardin, føring av massane ned til botnen i staden for å nytte splittlekter og kontinuerleg overvaking av turbiditet i sjøen utanfor tiltaksområda. Spreiing av miljøgifter kan overvakast ved analyse av sedimentfeller, vassprøver og passive prøvetakarar.

For å minimere spreieing av forureina sediment kan eit lag med rein sand/grus av grovare karakter enn stadeigne sediment leggjast over botnsedimenta. Forureina massar frå Saltasundet er føreslege plassert i dei djupare delane av sjødeponiet i Moldefjorden, for deretter å dekke dei til med reine massar.

Moglege tiltak for å minimere innhaldet av plast i tunnelmassane og i vatnet ved utfylling inkluderer bruk av elektriske tennarar, unngå bruk av plastfiberarmert betong og lenser for oppsamling av plast.

Kva ønskjer vi tilbakemelding på?

Statsforvaltaren i Vestland har mottatt to søknadar frå Kystverket om løyve etter forureiningslova i samband med bygging av Stad skipstunnel. Vi ber om at fråsegn blir send oss separat for dei to søknadane og at de merkar med rett saksnummer dersom de har fråsegn til begge søknadane. Fråsegn kan sendast til oss på e-post [svf/post@statsforvalteren.no](mailto:sfv/post@statsforvalteren.no) eller via post til Statsforvaltaren i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger.



Vi ber om tilbakemelding frå alle høyringspartane som har innspel til søknaden eller forslag til avbøtande tiltak innan 19. august 2022, merk med saksnummer 2021/5132. Vi ber òg om at enkelte høyringspartar gir tilbakemelding på spesifikke tema. Vidare ber vi kommunane om å informere oss så snart som råd dersom det er andre som tiltaket kan ha særlege følgjer for som ikkje er representert på mottakarlista for denne høyringa.

Stad kommune

Vi ber Stad kommune om å vurdere om tiltaket det er søkt om er i samsvar med gjeldande plan- og reguleringsvedtak for området, og om det er andre tilhøve i saka som Statsforvaltaren i Vestland bør vite noko om, til dømes om det er planlagt å gjere endringar i reguleringsplanen. Vi ber Stad kommune spesielt kommentere informasjonen gitt i kapittel 5 i søknaden om at Saltasundet ikkje er inkludert i reguleringsplanen frå 2017, og at det ikkje er behov for å utarbeide ein eigen reguleringsplan for tiltaket i Saltasundet fordi tiltaket skal behandlast som ei eiga byggjesak og er inkludert i kommunedelplanen for sjø som er under arbeid.

Kommunen si fråsegn bør òg gi opplysningar om lokale tilhøve som kommunen meiner manglar, eller ting det ikkje er gjort godt nok greie for i søknaden. Vi ber kommunen om å hente inn nødvendige fråsegner frå eigne organ så langt ein finn dette nødvendig.

Vi ber òg om at Stad kommune gir oss ei tilbakemelding på mengda av overskotsmassar frå bygginga av Stad skipstunnel som er tenkt nyttiggjort via prosjekt i Stad kommune, sjå punktet under.

Sande kommune, Vanylven kommune, Kinn kommune og Stad kommune

Det er tenkt at så mykje som mogleg av overskotsmassane frå Stad skipstunnel skal nyttast til samfunnsnyttige formål i andre prosjekt i omkringliggjande kommunar. Vi ber om ei tilbakemelding frå kommunane om mengda av overskotsmassar frå bygginga av Stad skipstunnel som er:

1. Tenkt nyttiggjort i dykkar kommune
2. Er ferdig regulert gjennom gjeldande plan- og reguleringsvedtak i dykkar kommune

Vi ber kommunane gi oss ei tilbakemelding dersom de er kjende med at det er andre kommunar eller større aktørar som er aktuelle mottakarar av overskotsmassar frå Stad skipstunnel som Statsforvaltaren i Vestland bør kjenne til.

Fiskeridirektoratet, Havforskningsinstituttet, Mattilsynet, Sogn & Fjordane Fiskarlag og Møre og Romsdal Fiskarlag

Vi ber om at de vurderer tiltaket ut frå omsyn til natur- og fiskeriinteresser. Vi er spesielt interessert i innspel om mogleg påverknad på villfisk og oppdrettsfisk, fiskehelse og fiskevelferd, forslag til avbøtande tiltak og forslag til grenseverdiar.

Møre og Romsdal fylkeskommune og Vestland fylkeskommune

Vi ber Møre og Romsdal fylkeskommune og Vestland fylkeskommune som vassregionstyresmakt for høvesvis Kjøddepollen og Moldefjorden vurdere tiltaket ut frå omsyn til vassmiljøet.

Vi ber òg om at Vestland fylkeskommune kommenterer informasjonen i søknaden om at det er planlagt undersøkingar av marine kulturminne i Saltasundet i juni 2022.



Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum

Vi ber Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum vurdere tiltaket ut frå omsyn til marine kulturminne. Vi ber om at de spesielt kommenterer informasjonen i søknaden om at det skal gjennomførast ytterlegare marinarkeologiske undersøkingar i Saltasundet i juni 2022.

Kystverket

Kystverket er tiltakshavar, men òg styresmakt etter hamne- og farvasslova. Vi ber om ei tilbakemelding frå Kystverket om tiltaket er avklart etter hamne- og farvasslova.

Vedlegg til søknaden kan lastast ned frå vår nettside

Vedlegg til søknaden kan lastast ned frå Statsforvaltaren i Vestland si nettside under høyringar. Andre rapportar og utgreiingar er tilgjengelege på Stad skipstunnel si prosjektnettside.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Kaja Baukhol Olsen
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Søknad om løyve etter forureiningslova til tiltak i sjø Stad skipstunnel

Kopi til:

Multiconsult v/Johanne Arff
Kystverket v/Terje Skjeppestad
Multiconsult v/Bård Øyvind Solberg



Mottakarliste:

SOGN & FJORDANE FISKARLAG	Postboks 173	6701	MÅLØY
MØRE OG ROMSDAL FISKARLAG	Postboks 936	6001	ÅLESUND
BLOM FISKEOPPDRETT AS	Ulvøyvegen 130	5337	RONG
STATT TORSK ASA	c/o Leif-Ronny Rætta	6143	FISKÅ
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Postboks 2500	6404	MOLDE
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL	Postboks 2520	6404	MOLDE
NORGES NATURVERNFORBUND	Mariboës gate 8	0183	OSLO
SANDE KOMMUNE	Rønnebergplassen 17	6084	LARSNES
STAD KOMMUNE	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM	Postboks 7800	5020	BERGEN
MATTILSYNET	Felles postmottak Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
VESTLAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 7900	5020	BERGEN
PELAGIA SELJE	Postboks 444	5805	BERGEN
FISKERIDIREKTORATET REGION VEST	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
NORGES MILJØVERNFORBUND	Postboks 593	5806	BERGEN
HAVFORSKNINGSINSTITUTTET	Postboks 1870 Nordnes	5817	BERGEN
MOWI ASA	Postboks 4102 Sandviken	5835	BERGEN
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
KINN KOMMUNE	Postboks 294	6701	MÅLØY
OLAV VENØ	Venøy	6717	FLATRAKET
VANYLVEN KOMMUNE	Rådhusvegen 1	6143	FISKÅ
KYSTVERKET	Postboks 1502	6025	ÅLESUND